

Kjære sambygdingar!

Nytt år, nye moglegheiter! 2019 blir eit spennande år, både med tanke på alt det positive som skjer i Gol, men og fordi det er kommune- og fylkestingsval. Men i skrivande stund er det slutten av april, og hittils er alt berre bra!

JANUAR:

Rett etter nyttår inviterte ordføraren i Ål, Solveig Vestenfor, oss andre ordførarar i dalen til fyrste del av NM i skiskyting på Liatoppen i Ål. Diverre uteblei dei store stjernene, men for eit arrangement. Dugnadsanden er ikkje berre sterkt i Gol, men i heile Hallingdal, og det er alltid mektig å sjå den i aksjon. Gratulere til Ål for eit flott arrangement og lukke til med det neste i mars!



Frå Ål nest øvst i dalen gjekk turen til Flå, nedst i dalen på møte med Statens Vegvesen og fylkeskommunen ang Vegpakke Hallingdal. Diverre var ikkje Statens Vegvesen kome så langt som me hadde håpa med sine utgreingar, men det stoppar ikkje hallingen! Me pressar på vidare for å finne moglegheitene, ikkje begrensningane.

Etter budsjettprosessen i desember sette kommunestyret av ein eige pott (50 000) til utdeling som skal gjerast av eit Klima og miljøråd i kommunen. Me hadde vårt fyrste møte i januar, og snakka om mykje meir enn det desse 50 000 kan gå til. Det er faktisk utruleg mykje godt pågåande arbeid, samtidig som kommunens klimaplan er rettleiande for kva tema og kven vi skal invitere inn for å auke klima og miljø-engasjementet i lokalsamfunnet.

Frå vår venskapsregion Nordfjord i Sogn og Fjordane kom ordførar Alfred Bjørlo i Eid på besøk, rett nok i forbindelse med sine partivener i Venstre i Hallingdal, men han hadde også tid til å møte oss ordførarar for å diskutere distriktspolitikk. Venstre sit no i regjering og Alfred jobbar utretteleg for å framheve distriktspolitiske moglegheiter og utfordringar, og der er det viktig at me spelar på lag. Eit godt møte, der både Alfred og me ordførarar fekk opp punkter som me må ta opp me våre parti.

Arbeidet med BUA, ein gratis utlånsentral, har gått jamt og trutt, med det er vanskeleg å finne rette lokaliseringa og ikkje minst, kven som kan ta vakter i åpningstidene. Me gjer oss ikkje men det vil ta noko tid før me er i mål. Dette er eit viktig tiltak for å redusere forskjellane på Gol, samtidig som det gjer at fleire kan vera aktive og prøve nye aktivitetar.

Litt utanbygds vart det også, og på Gardermoen held Lokalsamfunnsforeningen si årlege konferanse. I år var det nærpolitireformen som fekk størst plass. Her kom hovudtillitsvalt i Politiforbundet og gav oss innsikt i korleis politiet sjølve opplever reforma. Kva som er bra, men og kva som ikkje fungera eller ikkje er på plass. Det bar nok litt preg av bekymring, og hovudtillitsvalt gav oss kommuner ei oppfordring, og det var å krevje meir av gjennomføringa og rette blikket frå det lokale og regionale til det nasjonale.



Noko mange på Gol hadde både venta men og gleda seg til var Kronprinsbesøket i slutten av månaden. Vår vyrde kronprins kom, og var rett og slett imponert over fleire ting. Fleirbrukshallen, arrangementet, våre flotte born og unge – både dei som møtte opp og dei som deltok i arrangementet. I tillegg var alle elevane ved Læringscenteret møtt opp utanfor lokala til UngInvest,

og her tok Kronprinsen seg tid til både å helse men og å samtale med fleire av dei. Ein av elevane hadde også skrive eit brev som han både leste og overleverte Kronprinsen. Tusen takk til ALLE som møtte opp, alle i kommunen som bidrog til at dette gjekk heilt etter planen og til UngInvest som lot Gol få ein del av besøket. Ein stor dag!



Det var faktisk berre så vidt eg rakk innom møtet same dag der Gol kommune og Statens Vegvesen hadde dialog om prosjekt i Gol. Det er flott at Statens Vegvesen tek turen og samtalar litt om både notid og framtid. Slik jobbar me betre saman for å gjere dei rette prioriteringane.

FEBRUAR:

I starten av februar var det sett opp eit idedugnadsmøte vedrørende Kristenbrøten på Kafè Makalaus. Her møtte det mange som ivra etter å gjera noko med Kristenbrøten slik at også denne husmannsplassen kan nyttast av almennheita. Eit fyrste, og naturleg steg er å setja i stand plassen slik som me har gjort med Renslo-tunet. Så vil tida vise om bygningane kan tenkjast å gjerast meir med, mtp tilføring av strøm og vatn. Enden på visa, eller møtet, var at det vart sett i stand eit interim-styre som siktar på å starte ein slags venneforening som kan vera initiativ-takarar. Flott at me held slik unike plassar i hevd!

Den årlege Strategikonferansa til KS for Buskerud vart i år helde på DFDS Oslo-København. På mange måtar ei siste strategisamling slik me kjenner KS no, for neste gong er me Viken. Tema for strategikonferansa var sjølv sagt tariffoppgjøret, men også temaet som også farga Kommunalpolitisk toppmøte – lokaldemokrati og dets utfordring med hat og netthets. Heldigvis visar det seg at sjølv om lokalpolitikarar over heile landet opplever meir truslar, hat og netthets så er ikkje tilliten synkende i Norge. Det gir oss eit godt utgangspunkt for å jobbe med den skarpe tonen som har oppstått i debattmiljøa – men spesielt på nettet. Berre i salen på DFDS satt det lokalpolitikarar som har fått drapstruslar, det gjer det vanskeleg å behalde men og å rekruttere nye lokalpolitikarar om ikkje me gjer noko med dette.



Frå det eine til det andre, Heltidsseminar i Oslo. Kvifor få til heiltids-kultur og korleis få til heiltids-kultur? Mange gode innspel på dette seminaret, og det viktigaste – effekten av heiltid på kvaliteten til brukarane. No er både Fagforbundet på Gol og administrasjonen på banen, og me vil jobbe vidare for å få til dette hjå oss.



Me har lenge i Regionrådet prata om å gjera ei satsing på dialekt, spesielt mtp at me no er seks ordførarar som alle svallar halling. I februar intensiverte me arbeidet og sette oss ned med mållaget for å skrive ein søknad til Kulturdepartementet. I tillegg hadde me eit dialogmøte med oppvekstforum der alle kommunane er representert som vart eit veldig positivt møte. Me fortsett arbeidet gjennom våren og håpar å få til eit større prosjekt som tek for seg kva tiltak me kan gjera på lang sikt for å bevare men og å motivere fleire til å nytte dialekta vår.

Det er alltid trivelig å få vera med å gjera stas på andre. Og denne gongen hadde eg vorte kontakta av hovudkontoret til Peugeot Norge som skulle premiere si avdeling på Gol. Med korps, presse og blommar frå kommunen vart overraskainga komplett. Og det er verdt å merke seg at Hallingdal Bilsenter

som dei andre verksemdene i Gol bidreg både til arbeidsplassar og verdiskaping. Det er det berre å heie på!

På Ål var både ordføraren i Ål, Hol og undertekna inviterte til eit innspelsmøte med NSB, no VY, som står på trappene i ein anbudsprosess for Bergensbanen. Me var klare på kva for forbetringar me forventar oss, uavhengig av kven som vinn anbodet, spesielt relatert til reisetider men og tilpassing til besøkande i Hallingdal med ski og sykklar. Tilslutt tok me opp viktigeita med å samhandle meir og betre mellom tog og buss til fordel for dei reisande. Så gjenstår det å sjå korleis tilbodet blir på Bergensbana, og av kven!

I slutten av månaden var det Ungdommens Kultur Mønstring på Gol for både deltakarar frå Nes og Gol. Det er rett og slett imponerende å sjå kor mange dyktige kunstnarar, songarar, dansarar og musikarar me har berre i Gol og Nes, og eg veit at dei er det mange av i dei andre kommunane og. Men UKM er verkeleg ein flott arena å få vise kva ein kan og meistrar men og å utfordre seg med det å stå på ei scena. Det er verkeleg flott!



MARS:

Endeleg kom dagen då den nye heildigitale sambruksstasjonen på RV 7 skulle opnast, og formannskapet var invitert. Med representantar frå både Statsbygg som er byggeigar, Statens Vegvesen som er byggleigar, Mest Bygg AS som har vore entreprenør og dei tilsette så feira ein Statsbygg fyrste heildigitale prosjekt og bygg i historia. Det var utruleg flott å få ta del, og det betyr mykje for Gol og reisten av Hallingdal at dette bygget, desse tilsette og dei tilboda som høyrer til faktisk blir værande i Gol, særleg når ein ser no at det er føreslått ei større reduksjon av vegtrafikkstasjonar i landet. Det betyr mykje også for næringslivet i Hallingdal at ein entreprenør no sit med denne kunnskapen, og at bygget står der til inspirasjon.



Det var fleire opningar denne månaden og det var med stor glede at eg vart invitert til Helsetunet for både å opne men og å teste ut det nye digitale aktivitetsverktøyet Tovertafel. Ikkje berre er Gol Helsetun fyrst ute med dette i Hallingdal, men faktisk fyrst ute i heile Norge. Dette er ein aktivitetsverktøy som stimulerer både brukarar, pårørande og tilsette til å gjera noko i lag. I tillegg til Tovertafel har Helsetunet også skaffa ein treningssykkel med skjerm og musikk som gjer at du kan sitte på Helsetunet men ta deg ein sykkeltur gjennom gatene i Alta. Eg er stolt over ein så framoverlent administrasjon!



Og tilslutt nyopning av Hallingdal karrieresenter. Flott å sjå eit så godt oppmøte av dei andre kommunane her, det vil stimulere til meir bruk av dette viktige tiltaket. Det er nemleg på bakgrunn av eit partnerskap mellom NAV og Buskerud Fylkeskommune at alle hallingar kan nytte tenestene ved karrieresenterets tenester GRATIS, og for å gje eit konkret: om du har mista jobben på grunn av reduksjon i bemanning eller ved at verksemda du jobba i er i omstilling, om du har lyst til å omskolere deg fordi det du driv med no ikkje er meningsfylt eller bidreg til meistring eller om du av

ein eller anna grunn har kome i ein livssituasjon der du må bytte jobb mtp for eksempel arbeidstider – ja då kan du gå til ein rettleiingstime her å få hjelp til å finne vegen vidare.

I 2017 var eg bedt på offisielt besøk til vår venskapskommune Bracebrigde og der fekk eg oppleva feiringa deira av sin nasjonaldag. No i år har me bedt dei til Gol for å oppleva vår feiring, men i tillegg har me så mykje anna me både vil vise dei men og samhandle om. Då trengs det planlegging!

I forbindelse med Omsorgsløftet me vedtok i desember har administrasjonen jobba med rekruttering. Og eit rekrutteringstiltak som eg var så heldig å få bidra til var når me reiste til Universitetet Sørøst i Drammen og bydde sjukepleiarstudentane på pizza, prat og power point! Det var eit godt oppmøte og me fekk gode innspel om kva som skal til, i tillegg til at me fekk fortelje både om Gol og vår satsing på helse og omsorg!



At fleire skal engasjere seg i lokalsamfunnet er noko i brenn for, og eitt naturleg tiltak er å faktisk stemme ved kommune- og fylkestingsvalet. Og med det bakteppe var eg invitert til Hallingdal Folkehøgskule for å fortelje om våre erfaringar med lokaldemokrati i Gol, prøve å skapa debatt og sist men ikkje minst, oppfordre elevane til å reise heim å påverke sine lokalsamfunn ved å stemme i kommune- og fylkestingsvalet. Her møtte eg mange engasjerte ungdommar med gode refleksjonar, interessante (og litt vanskelege) spørsmål og jammen blei det ein god dialog. Ein flott dag på jobben!

Tradisjonen tru (begynnar det å bli) hadde kommunestyre sitt kommunestyremøte på Gol Skule då me skulle behandle status i skulen. Representantar frå elevrådet, foreldrearbeidsutvalet og Gol Ungdomsråd var inviterte til å spele opp sine tankar om korleis me har det i skulen og kva me kan gjere for å få det betre i skulen. Kommunestyret sette stor pris på innlegga deira og det vart ein god debatt om tema. Grunnen til at me behandlar dette på denne måten er for å bevisstgjera kommunestyret på si rolle som skuleeigar, og eg trur det er eit godt tiltak som bidreg til dette.

Som eg har nemnt tidlegare så set eg stor pris på engasjement, og i slutten av månaden vart det arrangert klimastreik utanfor kommunehuset. Både elevar frå ungdomsskulen og vidaregåande møtte opp og heldt appellar. Nokre av appellane vart tydelege på kva meiningar ungdommen har om miljøarbeidet både stat, fylket og kommunen gjer medan andre var basert på fakta om korleis miljøet vårt no har endra seg og kva områder som står i fare. Dei hadde med seg plakatar som eg bad dei henge opp på kommunehuset slik at innbyggjarane kunne få sjå og høyre ungdommen. Det er mange meiningar om denne klimastreiken, men det viktigaste eg tek meg med frå den er ungdommens reelle bekymring kring miljøarbeidet. Det er faktisk oss vaksne sitt ansvar.



Også i år arrangerte Gol Ungdomsråd volleyballturnering i Gol Idrettsarena og det var utruleg bra påmelding. Politikerane i Gol meldte også på eit lag (tverrpolitisk) – «The politicians» som gjekk heilt til topps i turneringa! Fantastisk moro å sjå at me også er eit vinnarlag utanfor kommunestyresalen 😊

APRIL:

Det kunne vorte dårleg timing – men det gjekk bra. 1 april slapp Hallingdal si undersøking om Livskvalitet og me ordførarar var oppe tidleg i Hallingdølen for å bidra til ein lanserings artikkel. Dette er eit særst spennande arbeid, og me vonar på god svarprosent. Regionrådet ynskjer ikkje lenger å synse om kva innbyggjarane i Hallingdal treng for å oppnå god Livskvalitet – me vil vite. Me vonar denne undersøkinga vil gje oss svar som kan påverke våre politiske prioriteringar.

I vervet får ein mange slags førespurnader, og ein av dei frå i fjor resulterte i ein ny ein dette året. Etter å ha ynskt Pensjonistforbundet velkomne til Gol i fjor til Seniorveka på Storefjell så kom eg i dialog med fylkessekretæren som kunne fortelje meg at Gol er den einaste kommunen i Buskerud som ikkje har lokallag. Dette vart me einige om at me skulle gjera noko med, og så, året etter tok Pensjonistforbundet initiativ til eit opent møte for å luften interessa. Grunnen til at eg personleg har engasjert meg i dette er fordi eg både ser og veit at denne aldersgruppa dei representerer kjem til å auke framover, og med denne gruppa kjem det også ein del moglegheiter som eg har lyst til å ha dialog med dei om.



Frå Pensjonistforbundet gjekk turen frå Gol til hovudstaden for Landsmøte i Arbeiderpartiet. Det siste året har eg vore så heldig å få delta i eit distriktsutval som sentralstyret vårt har nedsett for å vidareutvikle partiet distriktspolitikk. Me har vore på reise rundt om i landet og fått innspel frå både medlemmar og organisasjonar. Vårt arbeid har då resultert i eit manifest som (heldigvis) vart vedteke av Landsmøtet vårt. Det vart dog ei kampvotering på vårt forslag om å forskriftsfeste responstid, også på ambulanse, og den vant me i distriktsutvalet med overveldande fleirtal.



Frå Landsmøte og direkte over i Arbeiderpartiets ordførarkonferanse, her brukar me tid på å lære av kvarandre samtidig som det er vårt fremste møteplass for å fremje våre bekymringar til sentrale politikarar i vårt eige parti. Nærpolitireformen har vore heftig diskutert lengje, og under ordførerkonferanse fekk me god informasjon om status og vegen vidare frå vår stortingsrepresentant Lene Vågslid. Forliket med regjeringa om nærpolitireforma er brote, og me må stille krav til justisministeren om å følgje opp dette.



Og no hadde eg hatt lyst til å koma meg heimatt men endå eit oppdrag venta i byen - Kommunalpolitisk toppmøte i regi av KS. I år var temaet «Troll i ord» og fokuset var på lokalpolitikaranes aukande oppleving av hat og hets, både på men og utanfor nettet. I lys av eit kommande kommune- og fylkestingsval er det viktig at me gjer noko med dette for å sikre rekruttering. Om dette får utvikle seg vil færre og færre stille opp i politiske verv. Det er ei skremmande utvikling for eit tradisjonelt godt demokrati. På Gol vil eg ta initiativ til at alle politiske parti skriv under på eit valløfte der me lovar kvarandre og innbyggjarane ein fair valkamp.



Frå Oslo til Gol og seinare til Golsfjellet, endeleg påskeferie. Og for eit vær det vart. Eg tok meg ferie så mykje eg kunne, men ein liten stopp inno Radio Hallingdal stod på agendaen. Det er utruleg inspirerande å sjå den frivillige innsatsen som leggjast ned kvar einaste år for at både innbyggjarane og påsketuristane kan nyte påskeferien med kvalitetsradio på FM-bandet. All

heider og ære til dei som stiller opp til langt på natt for å sikre at auksjonane blir gjennomført på ein ryddig måte. Og ein spesiell takk til Knut Medhus som sørger for å påsken får ei god dose humor!

Rett etter påskeferien, brun og blid, så stod eit viktig møte på agendaen. Etter initiativ frå Råd for eldre og menneskjer med nedsett funksjonsevne sette me oss ned for å finne vegen vidare for eit velferdsteknologi-team i Gol kommune. Me ser at me må få opp engasjementet men og kunnskapen om velferdsteknologi hjå brukargruppene. Så no, saman med representantar frå administrasjonen, Gol Frivilligsentral, RÅFU og Pårørandeforeninga har me tatt saka i eigne hender og ynskjer å jobbe saman og aktivt for dette.

Etter eit par dagar i Oslo på møte hjå Landets Vasskraftkommunar og i fylkesstyret til KS Buskerud så tok eg turen ut til Hellerudsletta for å besøke golingane og hallingane på Hyttemessa. Det er flott å sjå at Hallingdal samlar kreftane og stiller saman i ein stor del av messa, samtidig som golingane har funne sitt samarbeid om ein fantastisk flott stand. Dette er ikkje berre ein viktig salsplass for hytteutbyggjarane, men og eit viktig møtepunkt for næringa. Difor er det flott å kunne bruke tid saman med dei i denne settingen og bli oppdatert på deira utfordringar og moglegheiter i næringa!

